



## Notat

Dato: 27.11.2018  
Arkivsak: 2017/17793-5  
Saksbehandlar: fromann

---

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordføraren

---

### Forebygging og tilrettelegging med tanke på allergiar

På møte i fylkestinget 12. juni 2018, stilte representanten Irl Schau Johansen (H) slike spørsmål:

*Vil fylkesordførar sjå nærmare på moglegheita for innføring av parfymefri såpe i alle dispenserar i fylkeskommunale bygg, og komme attende til fylkestinget eller relevant utval med sak om dette?*

Svaret frå fylkesordførar gitt i same møte var slik:

*Det vil teknisk vera rimeleg enkelt å byte såpeprodukt til eit som ikkje er tilsett parfyme.*

*Eigedomsavdelinga vil i samarbeide med BHT undersøk om det er såpeprodukt tilgjengeleg som er tilfredstillande og komma attende med ei melding om kostnader og anbefalingar.*

Fylkesrådmannen vil i denne saka melde følgjande:

Eigedomsavdelinga syner til gjeldande praksis, som er at det i alle dispenserar i fylkeskommunale skular og bygg er nytta såpe av merke **Soft Care Sens**. Dette er ein mild vaskekrem utan farge og parfyme. Innkjøpsavdelinga i HFK har forhandla fram beste pris på denne vaskekremen, jf. innkjøpsavtale med Norengros for tidsrommet 01.05.18 – 30.04.20. Forhandlar leverer og monterer gratis dispenserar for dette produktet.